

INNBYGGARUNDERSØKING NORDFJORD




Foto: Andreas Skogseth

BAKGRUNN OG METODE

Bakgrunn: I samband med prosjektet Berekraftig reisemålsutvikling er det gjennomført ei undersøking blant innbyggjarane i Nordfjord. Undersøkinga vart gjennomført i perioden august til desember 2023. Det er i den samanhengen òg gjennomført ei undersøking blant medlemmar i Visit Nordfjord og ei gjesteundersøking.

Distribusjon og metode: Innbyggjarundersøkinga vart gjennomført som ei digital spørjeundersøking i programmet Questback. Ho vart distribuert via Visit Nordfjord sine kanalar, og kommunane Bremanger, Stad, Gloppen og Stryn.

Analyse: I denne rapporten oppsummerast resultatene frå undersøkinga. Analysen baserer seg på respons frå til saman 376 innbyggjarar i dei fire kommunane. Til saman bur det omlag 26 000 innbyggjarar i dei fire kommunane. Med utgangspunkt i at heile befolkningsstorleiken er populasjonen, gir utvalet/responsen på 376 personar ein feilmargin på 5%. I praksis er ho noko lågare med omsyn til talet på personar under 18 og over 80 som ikkje er representerte i undersøkinga. Analysen representerer først og fremst dei som har svart, men gir gode indikasjonar på innbyggjarane sine haldningar til reiselivet i regionen.




Undersøkinga er gjennomført i perioden august – desember 2023



Analysen er basert på svar fra 376 respondentar. Alle busatt i kommunane: Bremanger, Stad, Gloppen og Stryn

I kva kommune bur du? (N=372)



RESPONS

I alt 372 respondentar


- 50% busette i Stryn
- 24% busette i Bremanger
- 21% busette i Stad
- 5% busette i Gloppen

39% menn vs. 60% kvinner (1% ønskjer ikkje å oppgi)

God statistisk spreiing på alder, med flest i aldersgruppa
40 – 60 år

I overkant av 44% har vaks opp i regionen, budd ute og flytta tilbake, medan 26% er tilflyttarar. 7% har budd i regionen heile livet

Kva er di tilknytning til heimplassen? (N=376)



REISELIVETS BETYDNING




Foto: Visit Nordfjord

HALDNINGAR TIL REISELIVSSATSINGA

- 70% er positive til reiselivssatsinga i regionen
- 12% er negative til reiselivssatsinga
- Blant dei som oppgir at dei er negative er det først og fremst i dei kommunane som også i større grad opplever press som følgje av høgt besøksvolum, trafikale utfordringar mm. (Stad og Stryn).

Kva er di haldning til reiselivssatsinga i Nordfjord? (N=371)



OPPLEVINGA AV TURISME

Undersøkinga viser at det er ein brei forståing av at reiselivet bidreg til levande lokalsamfunn, busetnadsglede og trivel.


- I overkant av 90% meiner reiselivet må utviklast etter berekraftige prinsipp for å ivareta behova til både dei besøkande, reiselivsnæringa, miljøet og lokalsamfunnet.
- Tilsvarande del (90%) er samd i at reiselivet er viktig med tanke på arbeidsplassar, næringsutvikling, busetnadsglede og trivel.

Samtidig er det ein brei einigkeit om utfordringar knytte til turisme i regionen. Særleg med tanke på:

Trafikkfarlege situasjonar grunna turisme, køar på vegane, forsøpling og slitasje i naturen

25% samde i at turismen ikkje medfører utfordringar for lokalsamfunnet. 65% er usamde i denne påstanden.


Kor einig eller ueinig er du i følgjande påstandar
(N=370)




REISELIVET ER VIKTIG MED TANKE PÅ ARBEIDSPLASSAR, NÆRINGSUTVIKLING, BU- OG BLILYST

- Det er høg einigheit (90%) i at reiselivet er viktig med tanke på arbeidsplassar, næringsutvikling, busetnadsglede og trivsel.
- Også her er det høgast score i Gloppen (100%), og noko under snittet i Stad (80%), men framleis høgt.
- 67% er samde i at reiselivet i regionen bidrar til auka busetnadsglede og gjer kommunen til eit godt stad å bu.
- 43% bekymrar seg samtidig for at besøksvekst skal gjere det mindre attraktivt å bu i kommunen i framtida (mot 45% som ikkje ser på det som problematisk).


Reiselivet er viktig med tanke på arbeidsplassar, næringsutvikling, bu- og blilyst (N=369)



REISELIVET BIDREG TIL LEVANDE LOKALSAMFUNN



- Heile 83% er samde i påstanden om at reiselivet bidrar til levande lokalsamfunn. Responsen er relativt lik i dei fire kommunane.
- Gloppen skil seg ut, med 100% av respondentane som er samde i at reiselivet bidrar til levande lokalsamfunn.
- Stad har noko under snittet, med 78% som var samde i at reiselivet bidrar til levande lokalsamfunn. Og større spreiing på svarene. Men også her framleis høg score.



REISELIVET BIDRAR OGSÅ TIL ØKT BULYST

Reiselivet i regionen bidrar til auka bulyst og
gjer kommunen til ein god stad å bu (N=370)




Foto: Salt'n Wax

VOLUM OG REISESTRØYMAR




KORLEIS OPPFATTAS TALET PÅ TURISTAR I KOMMUNEN

Sjølv om det ikkje alltid vil vere mogleg å identifisere typen turist for innbyggjarane, gir svar spørsmålet ein indikasjon på innbyggjarane si oppfatning av turismen i området.


- 37% opplever at det er litt/alt for mange turistar i kommunen.
- 29% opplever det som akkurat passe.
- 31% opplever talet på turistar som alt/litt for få.

Her er det store variasjonar mellom kommunane. I Stryn er det ein høg andel som opplever det som litt- /alt for mange. I Gloppen og Bremanger kunne dei fleste gjerne sett fleire turistar. Sjå neste side.


Korleis opplever du talet på turistar i din kommune, i dei fylgjande kategoriane? (N=371)




Cruiseturistar (N=371)




Gruppereiseturistar (N=371)



Bubilturistar (N=371)



Individuelle turistar (N=371)



KORLEIS OPFATTAS TALET PÅ TURISTAR I REGIONEN

Cruise: Totalt meiner 54% at det er litt/alt for mykje cruiseturisme i regionen, mot 10% som meiner det er for lite. 32% meiner det er akkurat passe.

Fordelinga er svært lik på tvers av kommunar.

Bobil: Ein majoritet (totalt 45%) meiner det er akkurat passe med bobiltrafikk. 30% meiner det er for mykje, mot 17% som meiner det er for lite. Også her er det overraskande likt. Berre Stryn skil seg ut med noko høgare del som syns det er alt for mange.

Gruppe vs. individuelle reisande: Kven som reiser i gruppe vs. individuelt er ikkje så lett å vurdere for innbyggjarane, og dermed er det ein høg del som oppgir «vet ikkje». Særleg når det gjeld individuelle turistar oppgir eit fleirtal at det er litt for få eller passe.





Foto: Bård Læsnesberg

KORLEIS OPFATTAS TALET PÅ TURISTAR I REGIONEN

Korleis opplever du talet på turistar i **Nordfjord** som heilhet, i dei fylgjande kategoriane?
(N=369)




HYTTEEIGARANE SOM GODE AMBASSADØRAR

Nærare 70% ser på fritidsboligturismen som positivt med tanke på at brukarene av desse blir gode ambassadørar for kommunen, i tillegg til verdiskapinga det bidrar til.

Arealpress knytt til utbygging av fritidshus er ein aktuell diskusjon fleire stader i landet. I Nordfjord er det flest fritidshus i Stryn og Stad.

På spørsmålet om ein er bekymra for at utviklinga av fritidshus og nedbygging av natur kan gjere det mindre attraktivt å bu og besøke kommunen, er det omtrent 50/50 fordeling av svar einig vs. ueinig.

Hytteeigarane er gode ambassadørar for kommunen og gir viktig verdiskaping gjennom handel, handverk og bruk av reiselivstilboda (N=370)



HVOR OG NÅR OPPLEVES DET PRESS PÅ VISSE OMRÅDER

I det store og heile er ikkje overturisme eit problem i Nordfjord.

Opp mot 50% er usamde i påstanden: «Nordfjord kjennest overfylt fordi det er for mange turistar her». 28% er derimot samde i denne påstanden. Dette gjeld særleg blant respondentar frå Stryn og Stad.

Ordskyen på neste side illustrerer når på året og kva stader det gjeld, for dei som oppgir å oppleve press på visse område grunna høgt besøksvolum.



Foto: Thomas Sagvik

Skildre kort kvar og når på året du opplever at det til tider er overfylt grunna turisme (N=108)

The graphic displays several large, bold, colored text labels representing Norwegian towns and regions, arranged in a grid-like pattern:

- Sentrum** (Orange)
- Oldedalen** (Orange)
- Nordfjordeid** (Red)
- Olden** (Blue)
- Vestkapp** (Orange)
- Stryn** (Grey)
- Loen** (Green)

Each text label is positioned above a small green circular marker, which likely indicates the town's location on a map. The background is white, and the overall design is clean and modern.

BEREKRAFTIG REISELIV



BÆREKRAFT

Innbyggjarundersøkinga kartlegg innbyggjarane s oppleving av korleis satsinga på reiseliv og utvikling skjer innanfor berekraftige rammer.

Merket for berekraftig reisemål byggjer på Innovasjon Norge sine 10 prinsipp for eit berekraftig reiseliv. Desse er att bygde på FNs turismeorganisasjon sin definisjon (UNWTO). (sjå figur)

Kriteria legg særleg vekt på forhold knytte til naturmangfold, klimautslepp og tilpassing, lokal besøksstyring og lokal livskvalitet og engasjement.

Spørjeundersøkinga kartlegg fleire av desse forholda ut frå innbyggjarane perspektiv.




REISELIVET MÅ UTVIKLAST ETTER BEREKRAFTIGE PRINSIPP


Ein betydeleg del (90%) er samd i at reiselivet må utviklast etter berekraftige prinsipp for å ivareta behova til både dei besøkande, næringsaktørar, miljøet og lokalsamfunnet.

25% meiner at Nordfjord framstår som eit berekraftig reisemål, medan ein del ser at det er meir å gå på her.

Reiselivet må utviklast etter berekraftige prinsipp for å ivareta behova til både dei besøkande, reiselivsnæringa, miljøet og lokalsamfunnet. (N=370)



I kva grad meinar du Nordfjord framstår som eit berekraftig reisemål? (N=371)



BEVARING AV NATUR, KULTUR OG MILJØ


70% er samde i at reiselivet i regionen bidrar til eit godt aktivitets-, teneste- og kulturtildø for innbyggjarane.

Gjennom reiselivet kan ein formidle og forvalte kulturminne, bygge identitet og lokal stoltheit.


Både når det gjeld kulturminne, lokal kultur og identitet, og naturområde, er det viktig at det er ein styrt og kontrollert utvikling.

Rundt 64% opplever at turismen bidrar til slitasje i naturen. Over halvparten (54%) opplever at turisme bidrar til forsøpling.

Reiselivet i regionen bidreg til eit godt aktivitets-, -teneste- og kulturtildø for innbyggjarane (N=370)



Turisme bidreg til slitasje i naturen (N=368)



STYRKING AV SOSIALE VERDIER

Innbyggjarnes trivsel er avgjerande for reiselivsutvikling framover. Nasjonale føringer legg opp til at reiselivsutvikling må bidra til å styrke sosiale verdiar og lokalsamfunn.

Det er ei rekke lokale variasjonar i regionen når det gjeld positive og negative opplevingar i møte med turistar og turisme i Nordfjord.

- Sett under eitt er ein overveiande del (53%) samd i at dei besøkande som regel er flinke til å ta omsyn til lokalbefolkinga.
- 26% er usamde i at dei besøkande som regel er flinke til å ta omsyn til lokalbefolkinga.




Foto: Salt'n Wax

ØKONOMISK LEVEDYKTIGHET

- 90% meiner reiselivet er viktig med tanke på arbeidsplassar, næringsutvikling, bulyst og trivsel.
- 40% meiner turismen bidreg til å presse opp bustadprisane gjennom utleigeverksem (mot 22% som er ueinige i påstanden).
- 66% er einige i påstanden «vi er for lite flinke til å tene pengar på turisme der eg bur» (sjå figur).

Vi er for lite flinke til å tene pengar på turisme der eg bur (N=370)



OPPSUMMERING




HØG TILFREDSHET MED REISELIVET

- 73% er litt/svært positive til reiselivet der dei bur.

Høgast tilfredshet med reiselivet finn vi i Gloppe og Bremanger, som har noko mindre press enn Stad og Stryn. Men også i Stad og Stryn er det ei overveiande positiv haldning til reiselivet.

Det er variasjon i haldningar til ulike typar turisme (cruise vs. landbasert, grupper vs. individuelle).

Kor positiv er du til reiselivet på staden der du bur?
(N=371)



UTFORDRINGAR

- Generelt sett ser det ut til å vere størst frustrasjon konkret knytt til trafikale utfordringar som kø, situasjonar som opplevast som trafikkfarlege, og myke trafikantar langs smale vegar utan fortau.
- Også forsøpling og trengsel visse stader, spesielt i deler av sommarsesongen, opplevast som ei utfordring.
- Dei kvalitative tilbakemeldingane i undersøkinga støttar i stor grad dei positive haldningane til turisme som kjem fram i statistiken.
- Frustrasjon handlar om handteringsevne/kapasitet og tilrettelegging.
- Samarbeid mellom det offentlege og næringslivet for å trekke i same retning opplevast og som ei utfordring.

Sitat fra kvalitative tilbakemeldinger angående utfordringer og potensielle negative følger av turismen:

«Stryn sentrum er heilt håplaust å kome seg gjennom på sommeren, turistar i bil virkar ikkje å ha tatt førerkort nokon plass, og cruiseturistar vimsar rundt i veien som om dei eig den.»

«Nordfjord har ikkje for mange turister, vi tåler meir, men vi ligg bak og utvikler oss ikkje i takt med volum mht å håndtere turismen og spre turismen utover regionen. Pressområda er spesielt utsatt, Loen, Olden, Hoddevika, Vestkapp. Cruise er utfordring.»

«Vi treng ikkje fleire cruiseturistar. De tilbyr veldig lite til lokalsamfunn, eller næringsdrivande, og er berre dårleg for naturen. Det må vere strengere reglar i forhold til kva type cruisechip for lov å segle her, (må vere meir miljøvenleg).»

«Butikker er utsolgt for mange varer, det er kø over alt..»

«Søppelhåndtering ved hyttefelt. Cruise Olden»

«Ein klarer å ta imot antall turister som har vert i sommer, om gangveg fra båterminalen til sentrum og opp bygda til Floen. Toga til Endre Muri lager mange stygge situasjoner på vegen rundt Floen.»

«Nei, men det er på tide å utbetre litt vegar her og der. Dette skulle vore gjort for lenge sidan også for dei lokale innbyggjarane. Her er ikkje for mange tursitar, men vegstandarden her og der er ei skam. På tide å oppgradere slik at bussar kan køyre ut»

«Ulike parkeringsplasser vert nytta og slept att boss og ekskrementer der det ikkje høyre til.»

MOGLEGHEITER

Tilbakemeldingar vedrørande moglegheiter viser òg eit stort engasjement, og mange gode tankar og innspel til reiselivsutvikling i regionen. Sjå sitat på sida.

- Mykje her handlar òg om kapasitet.
- Ta handa på rattet, og styre utviklinga.
- Få fram mangfaldet av gode produsentar og aktørar.
- Jobbe aktivt for næringsutvikling.
- Infrastruktur som gagnar både besøkande og innbyggjarar.
- Det offentleges rolle både som rammesettar, vertskap, produkteigar og forvaltar av virkemidlar.
- Tiltak for å spreie trafikken – utvikling av fleire besøksmål.

Sitat fra kvalitative tilbakemeldinger angående muligheter og forslag for å gjøre Nordfjord til en enda mer attraktiv region:

«Absolutt ikkje! Stryn lever av turismen, uten dei kunne store deler av butikkane lagt ned. Turistane er også med på og sette Stryn på kartet, noe som er super positivt. Vi er og blir ei turistkommune, kan ikkje sjå at det går negativt utover nokon.»

«Nordfjord har ikkje for mange turister, vi tåler meir, men vi ligg bak og utvikler oss ikkje i takt med volum mht å håndtere turismen og spre turismen utover regionen. Pressområda er spesielt utsatt, Loen, Olden, Hoddevika, Vestkapp. Cruise er utfordring.»

«Jobbe med berekraftige løysingar for transport og infrastruktur. Kunne tilby fleire (og varierte) reiselivsprodukt av god kvalitet.»

«Meir liv og røre på kveldstid. Uteservering o.l. Sjå kva røros har fått til. Små butikkar med sine spesialitetar i gatene.»

«Ei turistnæring med mykje meir streng krav til miljø, utbygging, transport av turistar les bussskyss og helikoptertrafikk.»

«Turistskatt og eit maksimal tal på kor mange cruiseturistar vi kan ta imot pr dag/veke/månad/sesong.»

«Fleire camping plasser, rasteplasser, fleire wc langs vegen, utbedring av samferdselsstilboda»

«Utvike nokre av tettstadane til å bli enda meir synlige og brukarvennlig for både turistar og fastbuande. Feks Svelgen, som treng møteplassar, og rekreasjonsmuligheter.»

ATTRAKTIVTET

På spørsmålet om kva som gjer regionen attraktiv for besøkande og innbyggjarar, er det nokre ting som går att:

- den spektakulære naturen
- hyggelege nærområde
- passe stort
- gode kulturtildob
- eit mangfald av aktivitetar
- eit rolegare liv

Kvalitative innspill på hva som gjør Nordfjord til et attraktivt sted for fastboende og besøkende:

«*Gode kulturtildob. Vakker natur. Gode forhold for jakt, fiske og friluftsliv. Liten og oversiktlig plass der det er trygge omjevnader.*»

«*Unik natur med vakre jordbruksbygder, dramatiske fjellandskap, fjordar og hav.*»

«*Passleeg stort, rik variasjon i regionen, ein kan nå mykje på kort tid, samstundes som ein kan bruke mykje tid på kvar plass om ein sulle ynskje det
Lokalmat!*»

«*Reiselivet har holdt liv i vårt område i fleire generasjonar. Det kan ikkje vere slik at unge folk flyttar tilbake frå byar, ropar høgt, startar å klage og forventar stilleheit året rundt !! Vi som har budd her heile tida og utvikla området må ha like mykje å seie som dei, sjølv om vi er desperate etter arbeidskraft. Bedre infrastruktur og dialog mellom aktørane i Nordfjord er avgjerande for å få dette til. Området vårt er svært attraktivt og vi har eit variert arbeidsliv. Fleire aktivitetar for ungdom er viktig. Korleis barn og unge har det i oppveksten er avgjerande for tilbakeflytting. Vi har nok turistattrasjoner no, vi må satse på tilbud for fastbuande..*»

«*Naturen og roen! Derfor må ein ikkje ødeleggje sitt eige "produkt" med masseturisme, kommersialisering, forsøpling, slitasje, forureining og støy..*»

«*Naturen, eit nytenkande næringsliv, tilretteliggjing av infrastruktur og arrangering av festivalar og anna som skapar liv i bygdene. Naturen i Stryn kommune er heilt fantastisk!
Vi er glad i naturen og glad i turistane våre. Men vi skal passe oss litt... No er her ikkje noko plass å bu for dei som vil flytte heim eller satse på ny næring og utvikling i bygda vår. Alle bolighus er på sommaren hus til sesongarbeidarar eller utleige til turister. (...)*»



Oppsummering av innbyggarundersøkinga gjennomført ved Mimir AS / mimir.no

mimir